



INFORMASJON FRÅ TILLITSVALDE OM «NYE VOSS KOMMUNE»

NR.1 2017

Granvin og Voss vert ein ny kommune frå 1.januar 2020. I tida framover vil det skje endringar. Granvin herad og Voss kommune skal leggjast ned, og ein ny kommune skal skapast!

Det har no vore to møter i PSU (partsamansett utval) og fellesnemnda i nye Voss kommune. Dette er to viktige utval som tillitsvalde er representerte i. I PSU er me fullverdige medlemmer, medan i fellesnemnda har me møte- og talerett. Hovudverneombod i Granvin og på Voss har møte- og talerett i PSU.

Begrepsavklaring:

PSU- kan samanliknast med administrasjonsutvalet i ein kommune. Utval med politikarar, administrasjon og tillitsvalde.

Fellesnemnd- er det høgaste organet i Nye Voss kommune. Kan samanliknast med kommunestyret i ein kommune. Fellesnemnda vil vere mellombels fram til Stortinget har gjort endeleg vedtak sommaren/ hausten 2017.

Nokre av sakene i PSU (fram til 2.juni)

1. **Partssamansett utval** vart konstituert 28.april, med Hans Erik Ringkjøb som leiar og Ingebjørg Winjum som nestleiar. I tillegg er politikarar (6 stk.), administrasjon (rådmenn 2 stk.) og tillitsvalde (4stk.) representerte. Me fekk også inn HVO- frå Voss og Granvin i PSU med møte og talerett.
2. **Frikjøp** av tillitsvalde. Me fekk koma med vårt syn på saka, og behovet for frikjøp er viktig i denne prosessen.
3. **Kommuneplankoordinator.** Tilsette ein person i ein tidsavgrensa periode som skal koordinere arbeidet med å lage ny kommuneplan for Granvin og Voss.
4. **Prosjektmeidarbeidar.** Tilsette ein person som skal arbeide med samanslåinga. Støtte prosjektleiaren (den nye rådmannen?).
5. **Arbeidsgrupper.** Administrasjonen har laga ein plan som skal ivareta/kartleggje alle tenestoområda (10 stk. + undergrupper) i begge kommunane. I desse gruppene kan etter kvart arbeidstakarane koma med innspel.

Nokre av sakene i fellesnemnda (fram til 2.juni)

- **Fellesnemnda,** har hatt oppe saker om korleis prosessen skal styrast framover t.d. delegering av mynde frå fellesnemnda.

- **Søknad**, om støtte til digital infrastruktur.
- **Nytt kommunevåpen** ut på høyring. Frist 1.september (sjå toppen til høgre).
- **Prosjektleiar**. Denne personen blir sentral i heile samanslåingsprosessen og kanskje ny rådmann? Fellesnemnda arbeider med å finne ut korleis dette skal gjerast.
- **Oksenhalvøya**, er ein del av Ullensvang, men ynskjer å bli med i Nye Voss kommune. Fellesnemnda legg til rette for å gjera dette mogeleg. Dialog med fylkesmann.

Informasjon

Informasjon til tilsette vil vera viktig framover. Førrebels kan du finne informasjon her:

- På Facebook: Nye Voss kommune
- På ei førrebels nettside: <http://www.voss.kommune.no/ny-kommune/>
- Informasjon på arbeidsplassane og gjennom fagforeiningane

Representasjon for dei tilsette i Granvin og på Voss

Rune Magnar Røthe- HTV- Utdanningsforbundet Granvin (Møter i PSU og fellesnemnd) tlf: 95043836

Mari Mæland- HTV- Fagforbundet Granvin (Møter i PSU og vara fellesnemnd) tlf: 41315839

Asbjørn Nilsen- HTV- Fagforbundet Voss (møter i PSU og fellesnemnd) tlf. 91695751

Anne Berit Himle- HTV- Sjukepleiarforbundet Voss (møter i PSU) tlf. 97721276

Randi Eikanger Kalsaas- HVO- Granvin (møter PSU) tlf. 92263300

Trude Kvarekval Lydvo- HVO- Voss (møter i PSU) tlf. 40826622

Gangen i arbeidet

- Siste fredag i kvar månad blir det møte i PSU og fellesnemnd.
- Saklista blir sendt ut ei veke før møtedag (ligg på nettsida til Nye Voss).
- HTV-ar i Granvin og på Voss samlast og drøftar saklista, før møte i PSU og fellesnemnd.
- Samarbeidsmøte med HTV-ar på Voss og Granvin om saklista, før møte i PSU og fellesnemnd.
- Etter PSU og fellesnemnd, informasjon til tilsette i Granvin og på Voss.

Tips til tilsette

Les intensjonsavtalen for kommunesamanslåinga mellom Voss og Granvin (ligg på nettsida til Nye Voss). Denne er eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet.

Innspel

Har du innspel og tankar som bør koma med i prosessen? Ta kontakt med tillitsvalde på din arbeidsplass eller direkte til ein/ei i lista over.

Neste møte i PSU og fellesnemnd

Fredag 23.juni